

SAK 43/11 BOKSMIA; SØKNAD OM TILSKOT TIL UTGJEVING AV NY OG OMARBEIDA UTGÅVE AV «HALLINGDAL I BILETKUNSTEN»

Saksopplysning

I brev dat. 15.3.2010 søker Boksmia forlag ved Olav Randen om økonomisk støtte til utgjeving av ny og omarbeidd utgåve av Nils Ellingsgard si bok «Hallingdal i biletkunsten». Ei bok som det ved fleire høve vore teke opp, om ikkje burde vore trykt opp i nytt opplag.

Planane var i utgangspunktet at Det Norske Samlaget skulle gje ut boka. Men vinteren 2009 trekte Samlaget seg, grunna økonomisk innstramming i forlaget og vurdert risiko i prosjektet. Etter dette fekk Boksmia førespurnad frå Nils Ellingsgard om å gje ut boka. Boksmia er interessert i å gje ut boka, dersom det blir sikra ei viss økonomisk støtte. Det er søkt Regionrådet for Hallingdal, Buskerud fylkeskommune og Sparebank 1 Hallingdal om kr. 100.000 frå kvar. I denne saka har det nok vore nokre misstydingar, der dagleg leiar får ta ansvaret for at søknad ikkje er handsama tidlegare. Sparebank 1 Hallingdal har løyyd kr. 50.000, medan Buskerud fylkeskommune har gjeve attendemelding at dei ikkje støttar denne type bokutgjevingar.

I sak 13/09 løyyvde Regionrådet for Hallingdal kr. 75.000, - til dekking av utgifter til referansegruppe og sekretærhjelp i samband med boka, der det og vart oppmoda om støttekjøp frå kommunane i Hallingdal. Den gongen var det Det Norske Samlaget som skulle gje ut boka, og det var budsjettet med kr. 300.000 frå ein privat sponsor. Men verken utgjeving på Det Norske Samlaget eller støtte frå privat sponsor vart ein realitet.

Hallingdal i biletkunsten kom ut i 1984 og var eit av bokprosjekta som kulturutvalet i Regionplanrådet for Hallingdal initierte. Boka vart seld ut etter kort tid. Nils Ellingsgard skreiv i føreordet: *”Rett nok har ikkje Hallingdal spela den same rolla i norsk kunst som t.d. Telemark og Gudbrandsdalen. Men sikkert er det at ei lang rekkje målarar, norske og utanlandske, kjende og mindre kjende, har funne motiv i Hallingdalsbygdene, heilt frå den gryande nasjonalromantikken til våre dagar.”* Boka portretterer kjende kunstnerar som mellom anna J.C Dahl, Adolph Tideman, Hans Gude, Gerhard Munthe, og set desse inn i ein kulturhistorisk samanheng. Denne boka er såleis ei kulturhistorisk skattkiste som burde ha allmenn så vel som regional interesse.” Dette synte seg å slå til.

Hallingdal i biletkunsten frå 1984 har eit sidetal på 144 medan den nye og omarbeida utgåva vil få 224 sider. Ei ny utgåve vil bli oppdatert og nye kunstnarar vil få sin plass. Dei fleste bileta må avfotograferast på nytt, noko som fører til at fotokostnadane blir omfattande. Boka vil bli ei praktbok med 4 fargar gjennomgåande og ca. 170 bilete. Boka er planlagt at skal vera ferdig hausten 2011.

Vurdering

Det er prisverdig at Nils Ellingsgard har teke initiativet for å få gjeve ut ei ny utgåve av Hallingdal i biletkunsten. Det er og positivt at eit lokalt forlag brukar ressursar og tek risiko for å få gjeve ut boka. Etter dagleg leiar sitt syn bør Regionrådet for Hallingdal støtte prosjektet, både ut frå at dette i si tid var eit tiltak som vart initiert av regionplanrådet og det vil utan tvil vera viktig kulturhistorisk dokumentasjon om Hallingdal. Boka vil bli ei praktbok som og bør egne seg godt som gåvebok, her kan det vera på sin plass å vurdere eit visst støttekjøp.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal ser det som svært positivt at det vil bli gjeve ut ei ny utgåve av boka «Hallingdal i biletkunsten».
2. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 100.000 til dekking av utgifter i samband med utgjeving av ny og omarbeidd utgåve av boka «Hallingdal i biletkunsten».
3. Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2011.
4. Regionrådet for Hallingdal oppmodar kommunane i Hallingdal til støttekjøp av boka.

Ål 24.8.2011

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg: utgjeving av ny og omarbeidd utgåve av Nils Ellingsgard si bok «Hallingdal i biletkunsten».

1. Søknad frå Boksmia forlag, dat. 15.3.2010
2. Brev frå Boksmia forlag, dat. 27.6.2011
3. Omslag og innhaldsliste "Hallingdal i biletkunsten", 1984.

Boksmia forlag ved Olav Randen,
Vats, 3570 Ål, tlf. 3208 4398, e-post boksmia@online.no
15.03.2010

037/842 32/13 2010

Til

Regionrådet for Hallingdal, 3570 Ål

Sparebank 1 avdeling Hallingdal, postboks 173, 3571 Ål

Buskerud fylkeskommune, utviklingsavdelinga, Haugesg. 89, 3020 Drammen

Søknad om økonomisk støtte til utgivning av ny og omarbeidd utgåve av Nils Ellingsgard: *Hallingdal i biletkunsten*

Stutt om bakgrunnen

Nils Ellingsgards bok "Hallingdal i biletkunsten" kom på Det Norske Samlaget i 1984. Initiativtakar til boka var Regionrådet for Hallingdal. Teksten i boka er svært godt gjennomarbeidd. Særleg gjeld det eldre tid. Mykje av bilestoffet er i svartkvitt, og boka har ein lite påkosta layout og ber preg av å vere ein lågprisproduksjon.

Boka vart snart utseld og har vore etterspurd i antikvariat dei siste tiåra.

Etter mange førespurnader planla Samlaget i 2008-2009 ei ny utgåve, og Ellingsgard starta arbeidet med om- og nyskriving. Samlaget hadde, etter det eg forstår, munnleg føreåttilsegn om støtte frå ein privat sponsor. Dei antyda eit støttebehov på minst 300 000 kroner. Skriftleg tilsegn om støtte kom ikkje. Vinteren 2009 trekte Samlaget seg. Dei grunnga det med økonomisk innstramming i forlaget og med at det var eit risikoprojekt. Dei overlét då, slik praksis er, rettane til manuset til forfattaren.

Etter råd frå den aktuelle sponsoren kontakta Ellingsgard Stenersens Kunstforlag, som hadde boka til vurdering i mange månader, men også trekte seg ut frå at dei ikkje meinte produksjonen var rekningssvarande. Eventuell avtale mellom dette forlaget og sponsoren om støtte kjenner eg ikkje til.

Etter dette har Ellingsgard spurt meg om å gi ut boka på Boksmia forlag. Boksmia vart etablert i 1997 og har til no gitt ut 24 bøker innan ulike tema.

Kvalitetane ved boka

Ellingsgard (fødd 1928) er dekorasjons- og biletmålar og fagbokforfattar. Han har eit omfattande kulturhistorisk forfattarskap og forskingsarbeid, mest om dekorativ måling i ulike delar av Norge og i Amerika, men også om biletmåling. Han har gitt ut bøker om norsk rosemåling, om norsk rosemåling i Amerika og om rosemåling i Hallingdal, Vest-Agder, Numedal og Valdres. For sitt langvarige virke innan det kulturhistoriske feltet vart han i 2006 tildelt Kongens fortjenestmedalje i gull.

Slik eg vurderer det, fortener "Hallingdal i biletkunsten" å kome ut på nytt. Boka held høg fagleg kvalitet, og ho er skriven i eit enkelt og godt språk. Ein av Norges fremste kunstkjenningar, førstekonservator og redaktør Leif Østby, var konsulent for boka. Boka vil kunne gi hallingar større forståing for den kulturen og naturen me er del av, skape interesse hos andre og vere med på å marknadsføre dalen. Ei gjennomarbeidd nyutgåve vil også utgjere ein kunnskapsbase for forskarar og kunstinteresserte folk. Med engelsk samandrag og engelske bilettekster vil ho truleg også vekkje interesse i USA.

Ei nyutgiving vil vere ei arbeidskrevjande oppgåve og er i seg sjølv ikkje rekningssvarande. Utgivaren er altså avhengig av støtte.

1	Skriving/redigering/korrektur, 200 timar a 250 (OR), 40 timar leigd konsulenthjelp a 350	64 000
2	Royalty forfattar	74 000
3	Trykking 2500 eks, format 22x24,5 cm, sidetal 224, smussomslag, fargar på omslag, materie, høg papirkvalitet, forfattars deltaking på trykkeoppstart mm	180 000
4	Grafisk arbeid, 150 timar a 700	105 000
5	180 bilete, avfotografering/kjøp i fotobyrå, snittpris 1000	180 000
6	120 bilete, royalty målar, snittpris 800	96 000
7	Administrasjon	40 000
8	Engelsk samandrag/billettekster	10 000
9	Honorar artikkel om Nils Ellingsgard	4 000
10	Renter/risiko/prisstigning	40 000
11	I alt	793 000
12	Inntekter 1800 eks selt a 210	378 000
13	Norsk kulturråd, venta støtte for nynorsk bok	30 000
14	Innvilga støtte regionrådet for Hallingdal	75 000
15	Støttebehov ut over dette	310 000

Ellingsgard har arbeidd med oppdatering av boka og presentasjon av vår tids kunstnarar. Han og medhjelparar har samla inn ei rekkje nye bilete. Bileta bør dessutan bli gitt større plass, og det blir noko meir tekst. Medan den utgitte boka har eit sidetal på 144, vil den nye og omarbeidde utgåva truleg få 224, eventuelt 208, sider.

Om utgangspunktet er bra, vil manuset bli betre etter nokre rundar gjennomdrøfting og redigering.

Budsjett for produksjonen

Budsjettet er sett opp ut frå at siktemålet er ein kvalitetsproduksjon, der det ikkje skal sparast når det gjeld papir, grafisk arbeid, fotografering med meir.

Merknader til rad 1: Slik eg vurderer det, er det behov for berre mindre redaksjonelle endringar i omtalen av tida fram til 1945. Når det gjeld perioden etter 1945, har Ellingsgard omarbeidd og lagt til mykje, men her står det også att nokså mykje. Her bør ein kvalifisert kunsthistorikar leigast inn som konsulent. I ein såpass kostbar produksjon trengst også språkvask utanfrå. Ut over dette handlar redaksjonell gjennomgang mest om faktakontroll og oppretting av detaljar, som det alltid er i bøker.

Til rad 2. Royalty er rekna ut frå eit sal på 1800 eks, utsalpris 395 kroner og vanlege satsar for fagbokforfattarar.

Til rad 3. Trykkjekostnad er sett ut frå tilbod frå Trykksakeriet AS i Ål. Tilbod er henta inn frå norsk trykkeri.

Til rad 4. Omfanget av grafisk arbeid er rekna til 130 timar + 20 timar førtrykksbehandling av bilete. Av praktiske omsyn er det ønskeleg at det grafiske arbeidet blir utført i Hallingdal, då kan det gjerast i samråd med forfattar og forlag. I ei kunstbok er ei av dei største utfordringane korrekt gjengiving av fargar, der Ellingsgard har stor fagleg innsikt. Trykksakeriet og Teiknestugu i Ål har begge akseptabel kompetanse til arbeidet.

Til rad 5. Samlaget har ikkje teke vare på sitt biletmateriale, slik at alt må registrerast og fotograferast på nytt. Mykje av biletmaterialet vil også bli nytt i høve til 1984-boka. Boka er planlagd med om lag 170 bilete, men i enkelte høve er det behov for å avfotografere fleire for å ha å velje mellom. Mange av bileta må samlast inn for fotografering i studio (helst) eller fotograferast der dei er. Dette krev ein del reiseverksemd.

Til rad 6. Det er rekna ut frå at alle kunstnarar som blir presenterte med bilete, og like eins arvingar etter kunstnarar som kjem inn under åndsverkslova, skal få honorar etter standardsatsar for publisering i bøker (og gratisseksemplar).

Til rad 7: I tillegg til vanleg forlagsarbeid krev ei slik bok omfattande arbeid med kontraktar og honorering for trykking av bilete. For alle kunstnarar som blir presenterte, og like eins etterkommarar etter avdøde kunstnarar med dødsår 1940 eller seinare, må det inngåast kontraktar om biletbuk. I summen er det også rekna inn reisekostnader og møtegodtgjersle for ei regional rådføringsgruppe.

Til rad 8. Tanken er eit samandrag på engelsk og engelske bilettekstar ved sida av dei norske, slik at boka kan vere av interesse for engelskspråklege lesarar.

Til rad 9. Eg er førebels usikker på korleis me skal løyse spørsmålet om omtale av Nils Ellingsgard, som også ein del av etterkrigstidas målarkunst i Hallingdal. Truleg er beste løysinga å engasjere ein skribent med kunstfagleg innsikt og evne til å følgje opplegget for boka.

Til rad 12. Eg har rekna ut frå ein relativt låg butikkpris for boka (395 kroner). Eg ser det slik at om det blir satsa på boka, må ei målsetjing vere at ho blir å finne i mange heimar og mange hytter i Hallingdal framover, og då bør ikkje prisen vere for høg.

Budsjettet er sett opp med eit venta sal på 1800 bøker og med alle utgifter dekte, men utan forteneest for forlaget ut over dekt arbeidsinnsats og risiko. Eventuelt sal ut over 1800 eks vil gi forlaget forteneest.

Nettoppris for forlag blir vanlegvis rekna til 50 % av bruttopris (ut frå 35-45 % bokhandlaravanse og noko kostnader til marknadsføring, , administrasjon av sal, frakt og lagerhald). Eg har rekna 55-56 %, i og med at særleg fraktkostnadene kan reduserast noko når det meste av salet er lokalt og skjer på relativt få salsstader.

Til rad 13: Norsk kulturråd gir støtte til sakprosabøker på nynorsk, vanlegvis mellom 10 000 og 50 000 kroner. Omfanget avheng noko av løyvingar til posten og sjølv sagt også av talet på søkjarar. Ut frå tidlegare røynsler tek eg sjansen på å budsjettere med 30 000.

Til rad 14. Dette er løyvd av Regionrådet for Hallingdal, til sekretærarbeid og støttegruppe. Eg føreset at noko av midlane kan omdisponerast innanfor prosjektet.

Til rad 15. Det kan nemnast at Samlaget i sine kalkylar kom til at boka ville bli ein millionproduksjon. (Munnleg opplysning frå Nils Ellingsgard) Eg har ikkje sett deira kalkylar, men eg trur at skilnaden mellom deira og mitt budsjett gjeld kostnadseffektivitet og forteneest og ikkje bokkvalitet.

Til budsjettet samla: Det er råd å lage ei langt billigare bok. Til dømes kan ein bruke færre bilete og gi bileta mindre plass, ein kan forhandle med kunstnarar med bilete i boka om honorar, og dei fleste vil vere glade for å kome med sjølv om dei ikkje får pengar for det, arbeidet med biletbehandling kan reduserast, ein kan gå ned på papirkvalitet, engelske tekstar kan kuttast ut, teksten om etterkrigstida kan brukast i hovudsak som ho er, ei ny bok kan trykkast i eit lågkostland og meir slikt. Mi vurdering er at Hallingdal er tent med at boka blir godt kvalitetssikra i alle ledd, og like eins at det bør betalast for alle gjengitte kunstverk som kjem inn under åndsverkslova. Det siste har også å gjere med at kunstnarar som har vist interesse for Hallingdal, skal oppleve at dei får skikkeleg behandling her.

For meg er det, slik det ser ut no, aktuelt å setje i gang arbeidet med boka berre dersom eg har grunn til å tru at ei støtte av om lag skissert omfang alt i alt vil bli gitt. For meg og like eins for Ellingsgard er det også slik at om arbeidet skal gjerast, vil det vere sterkt ønskeleg med eit klarsignal snart. Aktuelt utgivingstidspunkt er hausten 2011.

Ut frå dette søker eg kvar av dei tre mottakarane av dette brevet om kroner 100 000.- i støtte til bokprosjektet.


Olav Randen, Boksmia

Boksmia forlag
ved Olav Randen, Vats, 3570 Ål, boksmia@online.no
27.6.2011

063 /
892

Til ordførarane i Hallingdal

Kopi Regionrådet for Hallingdal

Dette brevet gjeld spørsmålet om eventuell økonomisk støtte frå Regionrådet for Hallingdal til andre og omarbeidde utgåve av boka *Hallingdal i biletkunsten* av Nils Ellingsgard.

Førsteutgåva av boka kom i 1984 etter initiativ og med økonomisk støtte frå dåverande regionråd for Hallingdal. Ny og omarbeidd utgåve vil kome på Boksmia forlag i september, med nesten dobbelt så høgt sidetal som førsteutgåva og mellom 180 og 200 illustrasjonar, av dei mange tidlegare ukjende bilete. Mange privatpersonar har vore opptekne av at boka skal kome ut, og dei har organisert støtteoppkjøp. Eg har også fått 50 000 frå Sparebank 1 Hallingdal til bokutgivinga.

Då Samlaget og seinare Stenersens kunstforlag i 2009/2010 trekte seg frå nyutgiving fordi dei ikkje fann lønsemd i prosjektet, tok eg på meg arbeidet. Eg gjorde det fordi eg meinte boka har ein kvalitet som gjer at ho fortener ei nyutgiving, men også fordi forfattern kjem frå garden eg driv.

Eg la utgivingsplanen fram for regionrådsleiar Knut Arne Gurigard og spurde om han ville rå meg til å søkje kommunane eller direkte til regionrådet. Gurigard var svært positiv. Han meinte at eit spleiselag med Sparebank 1, Buskerud fylke og regionrådet truleg var den fornuftige vegen. Han skulle undersøkje med dei andre og melde attende innan kort tid. Då han ikkje gav tilbakemelding, heller ikkje etter ny samtale, sende eg søknader til dei tre om 100 000 kroner frå kvar. Frå Sparebank 1 fekk eg halve søknadssummen. Frå fylket fekk eg avslag med grunngiving at dei ikkje støtta bokutgivingar. Frå Regionrådet har eg til dags dato ikkje fått svar.

På heimesidene til Regionrådet les eg at søknaden min kom inn 22. mars i fjor og mi etterlysing i november. Men korkje i sakspapir eller møtereferat finn eg at søknaden har vorte behandla. Eg veit difor ikkje om rådet er negativt eller at rådet ikkje i det heile har fått seg førelagt søknaden.

Forfattern, eg som forleggjar og ei rekkje hjelparar har lagt ned mykje arbeid i dette, for at boka skal bli eit kvalitetsprodukt på alle måtar. Det er arbeid me aldri har venta at skal vere godt betalt. Men når dalens fremste politiske leiarar ved sitt fellesorgan ikkje respekterer dette arbeidet såpass at dei bryr seg med å behandle ein søknad og ikkje ein gong svarar på førespurnader slik forvaltningslova pålegg dei, er det lite trivelege signal å få. Det er signal om at ein heller bør tida til andre ting enn kulturelt arbeid for fellesskapet.

Eg forstår det slik at Regionrådet plar ha eit sommarmøte. Dersom det er slik at de aldri har vorte førelagd søknaden, ville eg setje pris på om de kunne behandle søknaden der og gi meg svar snarast råd etterpå. Dette fordi eg alternativt vil søkje kommunane om støtte og i tilfelle må gjere det til deira augustmøte, slik at eg kan opplyse om støttespelarar på kolofonsida i boka.

Beste helsing Olav Randen

Hallingdal

i biletkunsten

DET NORSKE SAMLAGET

Nils Ellingsgard



Innhold

Forord	7	Tre lokale målarar	96
Hallingdal sett med kunstnaraugo	8	Lars S. Strand 96	
Reiseskildrarane	10	Aslak Sandestølen 97	
Johannes Flintoe 12		Hans Brusletto 99	
Utanlandske kunstnarar	17	Kunstnarkolonien i Leveld og Hemsedal	102
Nasjonalromantikken	26	Thor Bøhn 102	
J. C. Dahl 26		Karl Høgberg 104	
Adolph Tidemand 28		Kaare Wildhagen 107	
Hans Gude 35		Gøsta Munsterhjelm 107	
Joachim Frich 44		Arne Breidvik 111	
Johan Fredrik Eckersberg 46		Alf-Jørgen Aas 111	
Eckersbergs elever	48	Frithjof Smith-Hald 111	
Wilhelm Peters 48		Pelle Thommessen 113	
Philip Barlag 49		Verdskunstnaren i Liagardane	114
Andreas E. Disen 49		Andre målarar i etterkrigstida	122
Jahn Ekenæs 49		Axel P. Knudsen 122	
Olav Rusti 49		Håkon Kongsrud 123	
Eilif Peterssen 50		Alfred Eikri 123	
Naturalisme og nyromantikk	52	Knut Monrad 124	
Gustav Wentzel 52		Halvor Lindahl 124	
Gerhard Munthe 56		Magne Galåen 128	
I Munthes fotefar	64	Ivar Pettersen 128	
Emily Langberg 64		Arne Ander 129	
Juliane Langberg 64		Bjørn Maurseth 130	
Sigurd Lilloe 64		Ingerid Schølberg Fegersten 131	
Anders Kongsrud 64		Thomas George 132	
Jacob Gløersen 67		Bitte Hesselberg Meyer Rostad 133	
Knut T. Quelprud 68		Agnes Wahl 134	
Overgangen til det moderne	70	Arne Sørensen 134	
Hol-sommaren 70		Jens Johannessen 138	
Thorvald Erichsen 71		Rudi Juchelka 140	
Oluf Wold-Torne 71		Etterord	141
Mimi Falsen 74		Kjelder og litteratur	142
Severin Grande og Hans Ødegaard 74			
Otto Hennig 75			
Erik Werenskiöld 78			
Ender-familien i Sudndalen 82			
Polakken og svensken 86			
Eilert Mehl 88			
Valentin Kielland 89			
Sam Hauge 90			
Herbert Anderson 92			
Thoralf Sundt-Ohlsen 92			
Trygve M. Davidsen 94			

Forord

Temaet denne boka tek for seg er etter måten lite kjent, mindre enn ein kanskje kunne vente. Rett nok har ikkje Hallingdal spela den same rolla i norsk kunst som t.d. Telemark og Gudbrandsdalen. Men sikkert er det at ei lang rekkje målarar, norske og utanlandske, kjende og mindre kjende, har funne motiv i Hallingdals-bygdene, heilt frå den gryande nasjonalromantikken til våre dagar. Her ligg eit kulturhistorisk stoff som burde ha både lokal og ålmenn interesse.

Kulturutvalet i Regionplanrådet for Hallingdal, med Halvor Lindahl som formann, fekk ideen til ei bok om dette emnet. Eg sa meg viljug til å utføre arbeidet, og tok til med innsamling av stoff i 1982. Tilfanget har vakse meir enn venta. Det vart nødvendig å avgrense både teksta og biletstoffet for å halde seg innanfor ei økonomisk forsvarleg ramme.

Om det var rikeleg med biletstoff å ta av i mange høve, har ikkje fordeling og representasjon dermed vore noka lett sak. Det vanskelegaste var å oppspore eldre kunst i privat eige, bilete eg gjerne skulle hatt med på grunn av kunstnarleg og kulturhistorisk verdi. Jamtover er heile dalføret representert i tekst og biletstoff, men diverre har det vore svært vanskeleg å spore opp bilete med motiv frå Gol. Forklaringa må vera at bygda på eit vis har falle mellom to stolar. Nasjonalromantikarane stogga i Flå og Nes før dei fór vidare til Vestlandet. Naturalistane og dei yngre søkte helst opp i dei øvste fjellbygdene og fann motiva sine der.

Korkje kronologisk eller geografisk er det lett å gje ei grei oversikt over emnet «Hallingdal i biletkunsten». Målarar av ulik alder og uttrykksform dukkar opp snart her, snart der, blir gjerne borte i årevis og kjem att til ei anna bygd. Nokre har gjesta dalen berre ein gong eller to. Andre har funne sitt eige sommararbeite og kjem att år etter år, medan atter andre er — eller har vore — bufaste i dalen. Eg har valt å presentere dei aktuelle målarane i nokolunde kronologisk orden — ikkje etter alderen, men etter tidspunktet då dei første gongen arbeidde i Hallingdal. Det regionale aspektet blir underordna. Berre i visse høve er det naturleg å stanse opp i ei grend for å koma ei kunstnargruppe eller eit miljø nærare inn på livet.

Stoffet er først og fremst sett frå lokal innfallsvinkel. Rommet kvar einskild målar har fått, svarer nokolunde til den verksemda han har hatt i Hallingdal. Men samstundes har eg prøvd å setja det heile inn i ein vidare, kunsthistorisk samanheng. Nokon fagleg vurdering av bileta har eg nødig gjeve meg ut på. Det er kunstkritikarane si sak, og eg har ofte referert til dei.

Det er å vone at boka kan vera med og auke interessa for biletkunst, ikkje minst i Hallingdal. Her kan vi elles registrere eit gledeleg oppsving som kunstforeiningane og utstillingane kring i dalen må ha mykje av æra for. Kvar bileta finst, har eg berre opplyst om når det gjeld offentlege samlingar. Private eigarar vil ikkje alltid ha dette publisert.

Eg takkar alle som har vore til hjelp i arbeidet; informantar, fotografar og forlagets folk. Ein særskild takk til Leif Østby som har lese gjennom manuskriptet og gjort viktige merknader.

Januar 1984

Nils Ellingsgard






Nils Ellingsgard Hallingdal i biletkunsten

«Hallingdal er det mest norske jeg har sett,» skreiv ein biletkunstnar for seksti år sidan. I denne boka møter vi dal og dølar sett gjennom kunstnaraugo. Langt over hundre bilete er komne med, i fargar og svart/kvitt. Både den lokalkjende og kunstkjennaren vil finne noko nytt – og spennande. Forfattaren byr på underhaldande glimt frå lokal bygdehistorie og norsk kunsthistorie gjennom 200 år.

Målaren Nils Ellingsgard (fødd 1928) er busett i Oslo. Den stilsikre og skriveglade hallingdølen har fått velfortent ros for bøkene «Rosemåling i Hallingdal» (1978) og «Norsk rosemåling» (1981).

Det Norske Samlaget

ISBN 82-521-2457-7



9 788252 124576

